



ETNE KOMMUNE

200805520-15
Ki/2ASO
312

Tenestetorget

NVE

Konsesjonsavdelinga, pb 5091, Majorstua
0301 OSLO

Etne, 22.05.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.:

2012000475/2012003181

Arkiv:

N-654


Sakshandsamar:

ERK

HETLEFLÅT ENERGI AS - SØKNAD OM LØYVE TIL UTBYGGING - HØYRING

Saka vart handsama i Kommunestyret 21.5.12. Vedlagt fylgjer kopi av saka.

Med helsing


Beate Hetleflåt
Konsulent



53 75 80 00 · Telefaks: 53 75 80 01 · E-post: firmapost@etne.kommune.no · www.etne.kommune.no

5591 ETNE · Postboks 54 · Bankgiro · 8580.13.36200 · Org.nr.: 959 435 375

ETNE KOMMUNE

SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Formannskap	08.05.2012	039/12	ERK
Kommunestyre	21.05.2012	032/12	ERK

Sakshandsamar: Erik Kvalheim	Arkiv: N-654	Arkivsaknr: 2012000475
--	---------------------	----------------------------------

HETLEFLÅT ENERGI AS - SØKNAD OM LØYVE TIL UTBYGGING - HØYRING

Vedlegg i saka:

Konsesjonssøknad datert 16.11.11. 

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=5600&stadium=&type=11>

Utrykte saksdokument:

Følgjeskriv frå NVE datert 16.2.12.

Mail frå NVE 4.4.12 om utsett høyringsfrist til 25.5.12. Søknad frå EK datert 3.4.12.

Saksgang:

Formannskap
Kommunestyre

Utskrift til:

NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstua, 0301 Oslo. **NB: Fargeutskrift**

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Saka gjeld Etne kommune si fråsegn til planane om bygging av Hetleflåt Kraftverk.

2. Bakgrunn for saka:

Hetleflåt Energi AS v/ Arne Hetleflåt og Egil Næsheim søker om kraftutbygging i Markhuselva, inkl. overføring av vestre grein i øvre del av vassdraget. Konsulent er Kambo Kraft & Teknikk. Ein søker også om tilkopling til eksisterande straumnett i området.

3. Problemstilling:

Konsesjonssøknad og NVE sitt følgeskriv ligg på linken:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=5600&stadium=&type=11>



Foto av planområdet (Eспен Mills 2009, www.etnebilder.no). Hetleflåt er den øvste garden. Vi ser dagens traktorveg oppover beitemarka bak tunet; vegen vil utgjøre første del av anleggsvegen mot inntaket. Markhuselva til venstre på bildet. Kraftstasjonen er planlagt ved fjorden vest for utlaupet, herifrå vil rørtraseen gå opp lia på litt avstand frå elva. Inntaket ligg om lag i tregrensa, litt ovanfor Hetleflåtstølen, om lag 20 m breitt og 3,5 m høgt.

Vi klipper inn NVE sin kortversjon av søknaden:

Hetleflåt Energi vil utnytte fallet i Markhuselva frå kote 600 til sjøen. Nedbørsfeltet er 1,57 km² med middelvassføring på 209 l/s. Elva forgreinar seg i øvre del, og ved inntaket på kote 600 er det to løp. Avstanden mellom elvelaupa ved inntaka er 80 m, og det vestre løpet er planlagt overført via nedgrave røyr til hovudinntaket i det austre løpet. Røyr gata får ei lengd på ca. 2300 m og vert nedgrave heile vegen. Kraftverket vert liggjande på kote 2 med avløp til Markhuselva. Kraftverket er planlagt med installert effekt på 1750 kW og maksimal slukeevne 365 l/s. Årleg middelproduksjon er berekna til ca. 6,2 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarende alminneleg lågvassføring på 10 l/s. Det vert også fremja eit alternativ med inntak på kote 425, og overføring austre elv frå kote 495.

Fyldigare samandrag ligg på s. 3 i vedlagt søknad, her står også meir om alternativ 2. Søknaden, planområdet, hydrologi, brukarinteresser og verknader for natur og samfunn er greitt skildra på s. 5-29, så vi syner til dette (på kartet s. 19 er der ein skrivefeil, som må nemnast. Det står at der er småkraftverk i Stordalen, dette er feil; registreringane gjeld landbruksveg ved Øyno).

Planlagde investeringar ligg kring 16-18 mill. På s. 8 er andre kraftutbyggingar og -planer i nærområdet nemnt, s. 9-10 tekniske spesifikasjonar og kart. I vedlegg finn vi detaljkart, vassføringskurvar, fleire foto, rapport om biologisk mangfald mm. Det vert opplyst at der er kapasitet til å ta i mot krafta på SØK sitt linjenett mot Kambe trafo, men at der kan kome omleggingar seinare, jf. omsøkte 66 kV nett i Åkrafjorden. Ned mot kraftstasjonen er tenkt 75 m ny veg, ev. tilkomst via dagens veg og ny bru over elva.

Ei kraftutbygging ved Hetleflåt vil medføre noko fråfall av urørt natur (INON), men der er elles relativt små ulemper knytt til planane. Alternativ 2 gir litt mindre fråfall av INON, men gir også lågare restvassføring enn hovudalternativet, og lågare produksjon. Minstevassføring vil avbøte i høve til vassuttaket, og mykje flaumvatn vil renne forbi inntaket i våte periodar. Markhuselva ligg, som mange av småvassdraga i Åkrafjorden, lite eksponert til i landskapet, delvis skjult i bekkeløfter med vegetasjon. Der er lite friluftsliv i området, sidan dei alle fleste går opp i merka løypenett frå Markhus. Anleggsvegen vil ha låg standard og vil bli lite synleg i terrenget. Det er tenkt å nytte midlertidig taubane i anleggstida og ATV ved tilsyn i driftsfasen. Det vil gro til i røyrtraseen innan få år. Når det gjeld funnet av ein hubrofjær i planområdet i 2007, så har vi meir tru på lokale kjentfolk, som seier dei ikkje har sett eller høyrte hubro her dei siste 30 åra. Det blei ikkje gjort funn ved ein grundigare sjekk i 2008.

Stikkord om positive sider med planane: Generell verdiskaping, ringverknader for lokalt næringsliv, rein og fornybar kraft. Driftsinntekter vil styrke eksisterande bruk og gi eigedomsskatt til kommunen, oppgitt til om lag 110.000-120.000 kr./år (s. 17/28). Generelt så er kraftutbygging svært viktig for å halde oppe busetnad og drift på mindre gardsbruk, som elles ville stått i fare for å bli lagt ned på sikt. Såleis er dette også positivt i høve til turisme, sidan ein da kan halde fram med husdyr og stogge gjengroinga av landskapet.

4. Vurdering:

Omsøkte tiltak vert vurdert å ha middels negativ konsekvens for tema artsmangfald og INON, liten til middels negativ for naturtypar og liten negativ for fisk. I sum tyder dette at søknaden er blant dei minst konfliktfylte vi har hatt i kommunen dei siste åra. Nyten er såleis klart

større enn ulempene. Tiltaket er i tråd med Etne kommune sin klima- og energiplan frå 2011, som seier at vi skal leggje til rette for lokal klimavennleg energiproduksjon.

Rådmannen tilrår at det kan byggast ut etter hovudalternativet. Sjølv om dette tyder noko meir bortfall av urørt natur enn for alternativ 2, er nytten desto større. Økonomien er også betre; 2,80 mot 3,10 kr pr. kilowattime. Når det gjeld INON, så vil ei utbygging i Viskjerelva, som allereie har fått løyve, i alle høve røre ved ein del av det same området som Hetleflåt.

Planområdet ligg i LNF-område og område for spreitt hyttebygging i kommuneplanen. Kraftstasjonen treng dispensasjon frå 100-metersbeltet langs sjø. Dette bør ikkje vere noko problem, sidan anlegga på Rafdal og Saltåna på Eljervik har fått løyve tidlegare. Vi veit at der kan kome noko støy frå småkraftverk. Mykje av dette er forholdsvis enkelt å førebygge, så rådmannen tilrår at støyreducerande tiltak på kraftstasjonen vert sett i verk.

Når det gjeld andre kraftutbyggingar og -planar i midtre delar av Åkrafjorden, så er Rafdalselva/Tretteteigelva og Kvanndalsvassdraget allereie utbygd. Planane på Tøsse ligger til handsaming i NVE. 4 nye kraftsøknader er snart på veg ut på høyring; Ripelselva på Teigland, Skålnes-/Miljeteigelva, Kvanndalselva og Djuvselva. Ideelt sett burde desse kome ut på same tid som Hetleflåt, slik at vi kunne sett alle tiltaka i samanheng, m.a. i høve til § 10 i naturmangfaldlova om *økosystemtilnærming og samlet belastning*. Grunnen til at Hetleflåt kjem først er at denne har lege lengst i kø hos NVE. NVE vil i alle høve måtte foreta ei samla vurdering av planane i si slutthandsaming. Moglegvis vil synfaringar bli samkøyrte også (vi håper at desse kjem i løpet av hausten).

Kommunen har i samband med kraftplanane på Rullestad/Skromme kravd at styresmaktene også ser heilskapleg på utfordringane knytt til overordna kraftnett i Åkrafjorden, slik at tilrekkeleg mange kraftsøknadar får løyve, for å kunne finansiere felleskostnadene.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Etne kommune støtter framlagte planar for Hetleflåt Kraftverk. Der er stor overvekt av nytte i høve til ulempe knytt til planane.

Lokal verdiskaping og styrking av eksisterande gardsbruk er særskild viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.

Hovudalternativet må leggjast til grunn for utbygging på Hetleflåt. Auka produksjon og større restvassføring vegar opp for ulempene med større fråfall av urørt natur i høve til alternativ 2.

Vi føreset at det blir sett i verk støydempende tiltak på kraftstasjonen ved Markus.

For grunngjeving av einskildpunkt syner vi til saksframstillinga.

08.05.2012 FORMANNSKAP

F-039/12 TILRÅDING FRÅ ETNE FORMANNSKAP TIL ETNE KOMMUNESTYRE: (samrøystes)

Etne kommune støtter framlagte planar for Hetleflåt Kraftverk. Der er stor overvekt av nytte i høve til ulempe knytt til planane.

Lokal verdiskaping og styrking av eksisterande gardsbruk er særst viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.

Hovudalternativet må leggjast til grunn for utbygging på Hetleflåt. Auka produksjon og større restvassføring vegar opp for ulempene med større fråfall av urørt natur i høve til alternativ 2.

Vi føreset at det blir sett i verk støydempende tiltak på kraftstasjonen ved Markhus.

For grunngjeving av einskildpunkt syner vi til saksframstillinga.

21.05.2012 KOMMUNESTYRE

K-032/12 VEDTAK: samrøystes

Etne kommune støtter framlagte planar for Hetleflåt Kraftverk. Der er stor overvekt av nytte i høve til ulempe knytt til planane.

Lokal verdiskaping og styrking av eksisterande gardsbruk er særst viktig for lokalsamfunnet i Åkrafjorden og Etne kommune. Auka produksjon av rein og fornybar energi er blant dei viktigaste bidraga kommunen kan gi i høve til overordna klimaspørsmål.

Hovudalternativet må leggjast til grunn for utbygging på Hetleflåt. Auka produksjon og større restvassføring vegar opp for ulempene med større fråfall av urørt natur i høve til alternativ 2.

Vi føreset at det blir sett i verk støydempende tiltak på kraftstasjonen ved Markhus.

For grunngjeving av einskildpunkt syner vi til saksframstillinga.